
Arkivsak-dok. PLAN-20/00307-11
Saksbehandler Jan Rune Jacobsen

Utval

Møtedato

Utvalsak

Detaljreguleringsplan for Salmar Genetics på Vågstranda

Administrasjonssjefen si innstilling:

I medhald av PBL § 12-10/11 vedtek planutvalet å legge forslag til detaljreguleringsplan for Salmar Genetics AS - Vågstranda ut til offentlig ettersyn i samsvar med plandokumenta datert 30.09.21.

Saksopplysninger

Bakgrunn:

Det vart halde førehandskonferanse/oppstartsmøte om detaljregulering av Salmar sitt område på Vågstranda den 17.09.2020. Planinitiativet er utarbeidd av OSE AS rådgivande ingeniørar og arkitektar og ART arkitektar og ingeniørar AS på vegne av Salmar Genetics AS. Målet er å legge til rette for utvikling av dagens stamfiskanlegg og legge til rette for berekraftig produksjon og fiskevelferd. Perspektivet er ein dobling av arbeidsstokken. Som følgje av dette legg planforslaget til rette for ny bygningsmasse, utfylling i sjø og kai.

Vestnes kommune hadde på dette tidspunktet fått delegert ansvaret for administrative oppgåver frå Rauma kommune ut året, inntil Vågstranda vart ein del av Vestnes kommune frå 01.01.2021.

Vurdering

Planinitiativet er etter adm.sjefen si vurdering i hovudsak i samsvar med gjeldande kommunedelplan for området (jf. Plan og bygningslova § 12-3).

I tillegg til dei vedlagte plandokumenta har konsulentane utarbeidd følgjande dokumentasjon, som vil bli lagt ved til offentlig ettersyn:

- Geotekniske undersøkelser frå Multiconsult av 26.06.2019
- Geoteknisk undersøkelse molo, Norconsult, 04.03.2020
- Habitatsvurdering av Reistadelva, Rådgivende Biologer AS av 25.09.2020
- Sedimentundersøkelse for lokalitet Reistad, Åkerblå AS, 05.05.2021
- Miljøgiftanalyse av sedimentprøver, Åkerblå AS, 12.08.2021
- Flaumvurdering Reistadelva, Hydra Team, 30.12.2020

Etter adm.sjefen si vurdering kan plandokumenta med tilhørende dokumentasjon legges ut til offentlig ettersyn. Planlagde tiltak er vurdert til ikke å medføre vesentlige virkninger for verken miljø eller samfunn og det blir således vurdert at reguleringsarbeidet ikke utløser krav konsekvensutgreiing eller planprogram. I risikovurderinga er det vist til krav om avbøtende tiltak knytt til omsynssona for flaum, stormflo og framtidig havnivå. Risikosituasjonen er summert opp i planomtalen og avbøtende tiltak tekne inn i føresegnene pkt. 4 og 5.

Oppsummert opnar planforslaget for ei vidareutvikling av bedrifta, som er positivt både for tilsette, bygda Vågstranda og Vestnes kommune.

Vedlegg

DP for SalMar Genetics AS - Vågstranda - følgjebrev_2021.09.30

DP for SalMar Genetics AS - Vågstranda - føresegner_2021.09.30

DP for SalMar Genetics AS, Vågstranda - planomtale_2021.09.30

DP for SalMar Genetics AS, Vågstranda - plankart_2021.09.30

DP for SalMar Genetics AS - Vågstranda - ROS-analyse_2021.09.30

Annonse ÅA

DP for SalMar Genetics AS - Vågstranda - merknadsvurdering oppstart_2021.09.30

Særutskrift:

Etter adresseliste